

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Hordaland fagskulestyre</b>
<b>Møtestad:</b>	Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgate 5
<b>Dato:</b>	23.03.2017
<b>Tid:</b>	09:00

Det blir med dette kalla inn til styremøte i Hordaland Fagskulestyre.

### Program:

Kl. 09.00: Handsaming styresaker

Kl. 11.00: Lunsj

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Hordaland fagskulestyre. Ved eventuelle forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Rektorane ved fagskulane kan møta på møta i Hordaland fagskulestyre. Rektorane må også melde forfall dersom dei ikkje møter.

Dersom nokon ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall).

Roald Kvamme  
styreleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 11/17	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 12/17	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 13/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 4/17	Saker handsama i fylkestinget som vedkjem Fagskolane i Hordaland	2015/11453	
RS 5/17	Endring i vedtektene til styret for Fagskolane i Hordaland	2015/11453	
RS 6/17	Årsresultat 2016 ved Fagskolane i Hordaland	2015/11453	
PS 14/17	Endring i kvalitetssystemet for Fagskolane i Hordaland	2015/11453	
PS 15/17	Løyve til å søkje godkjenning for fleire studiestader - Hordaland helsefagskole	2015/11453	
PS 16/17	Ymse		

**PS 11/17 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste**

**PS 12/17 Godkjenning møtebok forrige møte**

**PS 13/17 Referatsaker (meldingar)**



## Notat

Dato: 13.03.2017  
Arkivsak: 2015/11453-79  
Saksbehandlar: adelan

---

**Til:** Hordaland fagskulestyre

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring

---

### Saker handsama i fylkestinget som vedkjem Fagskolane i Hordaland

Under følgjer orientering om to saker som er handsama i fylkestinget som vedkjem Fagskolane i Hordaland.

#### Nytt bygg for Fagskolen i Hordaland på Laksevåg

Sak «PS 22/2017 Fagskolen i Hordaland og yrkesfagleg vidaregåande skule samlokalisert på Laksevåg» vart handsama i fylkestinget 07.03.2017.

Lenke til saksutkast:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=8926&caseType=CasesFremlegg&registryEntryId=247305>

Lenke til protokoll:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=8926&caseType=Protokoll&registryEntryId=247305>

#### Utfordringar og moglegheiter for Fagskolane i Hordaland

Sak «PS 21/2017 Fagskolane i Hordaland - utfordringar og moglegheiter» vart handsama i fylkestinget 07.03.2017.

Lenke til saksutkast:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=8973&caseType=CasesFremlegg&registryEntryId=321367>

Lenke til protokoll:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=8973&caseType=Protokoll&registryEntryId=321367>

I denne saka vert følgjande vedtak oversendt til styret for Fagskolane i Hordaland:

Vedtak – punkt 2 i saka:

Følgjande tiltak vert sendt over til styret for Fagskolane i Hordaland:

Fylkestinget vil at Fagskolane i Hordaland skal vera ein sentral aktør i regionalt utviklingsarbeid i høve til kompetanseheving, innovasjon og det grønne skiftet. Styret for Fagskolane i Hordaland bør utarbeida ein strategi for å:

- få fagområdegodkjenningar
- utvikla nye fagskuleutdanningar
- styrka samarbeid med arbeidslivet i regionen
- arbeida målretta med internasjonalisering, innovasjon og det grønne skiftet
- vurdere tal studieplassar vedk. framtidig vekst av tal studentar
- klargjere om mogleg flytting av helsefagskolen til Laksevåg



## Notat

Dato: 02.03.2017  
Arkivsak: 2015/11453-74  
Saksbehandlar: adelan

---

**Til:** Hordaland fagskulestyre

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring

---

### Endring i vedtektene til styret for Fagskolane i Hordaland

Fylkesutvalet har handsama sak [PS 52/2017](#) om endring i vedtektene til styret for Fagskolane i Hordaland 23.02.2017 og gjorde følgjande vedtak:

#### **Vedtak**

Punkt 2, 6, 8 og 10 i vedtektene for styret ved Fagskolane i Hordaland vert endra som følgjer:

#### **Punkt 2.**

Styret for Fagskolane i Hordaland har sju medlemmer. Fem medlemmer, med to varamedlemmer, blir valde av fylkestinget. Tilsette og studentar har éin representant kvar med personleg vara. Tilsett- og studentrepresentant har møte-, tale-, forslags- og stemmerett, og er fullverdige medlemmer av styret.

#### **Punkt 6.**

Styret skal opprette ei lokal klagenemnd som skal handsame klager på enkeltvedtak (jf. fagskulelova § 13). Styret kan bestemme at klagenemnda også skal handsame andre klagesaker for studentane og saker etter §§ 7, 9, 10, 11 og 12 i fagskulelova. Avgjerd om habilitet etter §§ 6-10 og om teieplikt etter §§ 13-13 e i forvaltningslova gjeld for handsaming av saker, jf. fagskulelova. Avgjerd om opptak, fritak og innpassing, avsluttande vurdering, bortvising, utestenging og andre disiplinære sanksjonar skal handsamast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

#### **Punkt 8.**

Styret er ansvarleg for at det finst ein plan for innhaldet i utdanninga og for korleis denne vert gjennomført. Styret er også ansvarleg for kvalitetssikring av utdanningane og skal ha eit etablert kvalitetssikringsystem som sikrar kontinuerlege forbetringar og yrkesrelevans i utdanningane, og som gjev tilfredsstillande dokumentasjon av kvalitetssikringsarbeidet ved institusjonen og avdekker sviktande kvalitet.

#### **Punkt 10.**

Styret er ansvarleg for at det sams reglementet eller forskrift for Fagskolane i Hordaland vert følgd.

Endringane er gjort på bakgrunn av endringar i fagskulelova 1. juli 2016, med tilhøyrande forskrifter, om lokal klagenemnd for fagskular. Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) har i tillegg hatt revisjon

ved to utdanningar ved Fagskolen i Hordaland (tidlegare Bergen tekniske fagskole), og i samband med dette er det peikt på tilhøve som ikkje er tydelege nok, eller som manglar omtale. Dette gjeld kva rettar student- og tilsettrepresentant har, og dessutan styret sitt ansvar i høve til kvalitetssikring av utdanningane.

Vedlegg:

1. Vedtekter for styret ved Fagskolane i Hordaland

## **Vedtekter for styret ved Fagskolane i Hordaland**

1. Styret har overordna ansvar for den daglege drifta av fagskolane i fylket og fører tilsyn med den daglege leiinga. Det har ansvar for at verksemda held høg kvalitet og for at fagskolane blir drivne effektivt og i samsvar med dei lover, forskrifter og reglar som gjeld og dei rammer og mål som blir gjevne av overordna mynde.
2. Styret for Fagskolane i Hordaland har sju medlemmer. Fem medlemmer, med to varamedlemmer, blir valde av fylkestinget. Tilsette og studentar har éin representant kvar med personleg vara. Tilsett- og studentrepresentant har møte-, tale-, forslags- og stemmerett, og er fullverdige medlemmer av styret.
3. Fylkestinget nemner opp eigarrepresentantane i styret og mellom dei leiar og nestleiar. Tilsette og studentrepresentant med personleg varamedlem blir vald av og mellom dei tilsette og studentane. Eigarrepresentantane blir valde for fire år, tilsettere representantane blir valde for to år og studentrepresentantane for eitt år om gongen.
4. Styret skal tilsetje administrativ og fagleg leiing i samråd med skuleeigar. Hordaland fylkeskommune er arbeidsgjevar, og personalforvaltning skal skje i samsvar med fylkeskommunen sine reglar.
5. Fylkesdirektør opplæring er ansvarleg for saksførebuing til styret.
6. Styret skal opprette ei lokal klagenemnd som skal handsama klager på enkeltvedtak (jf. fagskulelova § 13). Styret kan bestemme at klagenemnda også skal handsame andre klagesaker for studentane og saker etter §§ 7, 9, 10, 11 og 12 i fagskulelova. Avgjerd om habilitet etter §§ 6-10 og om teieplikt etter §§ 13-13 e i forvaltningslova gjeld for handsaming av saker, jf. fagskulelova. Avgjerd om opptak, fritak og innpassing, avsluttande vurdering, bortvisning, utestenging og andre disiplinære sanksjonar skal handsamast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.
7. Styret er ansvarleg for at dei opplysningar som blir gjevne til NOKUT og søkjarar til utdanningstilboda, er korrekte og fullstendige.
8. Styret er ansvarleg for at det finst ein plan for innhaldet i utdanninga og for korleis den vert gjennomført. Styret er også ansvarleg for kvalitetssikring av utdanningane og skal ha eit etablert kvalitetssikringssystem som sikrar kontinuerlege forbetringar og yrkesrelevans i utdanningane, og som gjev tilfredsstillande dokumentasjon av kvalitetssikringsarbeidet ved institusjonen og avdekker sviktande kvalitet.
9. Styret er ansvarleg for det overordna læringsmiljøet og for samarbeidet om det med studentane. Dette ansvaret gjeld det fysiske og psykiske arbeidsmiljøet som Arbeidstilsynet fører tilsyn med. Styret kan oppnemne utval etter behov.
10. Styret er ansvarleg for at det sams reglementet eller forskrift for Fagskolane i Hordaland vert følgd.





**Notat**

Dato: 07.03.2017  
Arkivsak: 2015/11453-76  
Saksbehandlar: adelan

**Til:** Hordaland fagskulestyre


**Frå:** Fylkesdirektør opplæring

**Årsresultat 2016 ved Fagskolane i Hordaland**

**Bergen maritime vgs og fagskole**

Bergen maritime vgs og fagskole fekk i 2016 eit mindreforbruk på om lag 1,8 mill. Dette blei ført mot tidlegare års meirforbruk, og pr. 01.01.2017 hadde skulen eit samla underskot på 2,057 mill.

Rekneskapet totalt for skulen for 2016:

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE						Dato: 03/03-2017
						kl: 12.58/ side: 1
						Revidert budsjett
						R1/(1000 kr.)
<b><u>DRIFT pr. Periode 13 2016</u></b>						
<b>Org.sted.: 655 Bergen maritime videregående s Leder:</b>						
Sum	REGNSKAP HITTIL	BUDSJETT HITTIL	UBRUKT BUDSJETT	ÅRS- BUDSJETT	REST- BUDSJETT	
1 <u>Kostnader:</u>	89,287	81,281	-8,006	81,281	-8,006	
2 <u>Inntekter:</u>	-12,692	-4,686	8,006	-4,686	8,006	
<b>NTO DRIFT</b>	<b>76,595</b>	<b>76,595</b>		<b>76,595</b>		
<b>NETTO Bergen maritime videregående s</b>	<b>76,595</b>	<b>76,595</b>		<b>76,595</b>		

**Bergen tekniske fagskole**

Rekneskapet for Bergen tekniske fagskole for 2016:

Dato: 03/03-2017  
kl:12.07/ side: 3**DRIFT pr. Periode 13 2016**Revidert budsjett  
R1/(1000 kr.)

Org.sted.: 642 Bergen tekniske fagskole

Leder:

Konto	REGNSKAP HITTIL	BUDSJETT HITTIL	UBRUKT BUDSJETT	ÅRS- BUDSJETT	REST- BUDSJETT
17101 Refusjon sjukeløn	-135		136		135
17102 Refusjon fødselspengar	-580		580		580
17105 Refusjon feriepengar av sjuk	-14		14		14
17106 Refusjon feriepengar av føds	-23		23		23
17290 Kompensert mva.	-1,430		1,430		1,430
17700 Refusjon frå andre (private)	-795		795		795
<b>SUM Inntekter:</b>	<b>-5,589</b>	<b>-3,252</b>	<b>2,337</b>	<b>-3,253</b>	<b>2,336</b>
<b>NTO DRIFT</b>	<b>61,770</b>	<b>58,899</b>	<b>-2,870</b>	<b>58,894</b>	<b>-2,875</b>
<b>NETTO Bergen tekniske fagskole</b>	<b>61,770</b>	<b>58,899</b>	<b>-2,870</b>	<b>58,894</b>	<b>-2,875</b>


Bergen tekniske fagskole fekk i 2016 eit meirforbruk på om lag 2,9 mill. Frå tidlegare år hadde skulen eit underskot på om lag 350 000,-. Samstundes vart meirforbruket på Bergen maritime fordelt likt mellom dei to skulane. Totalt har Fagskolen i Hordaland eit underskot som vist i tabellen under:

Underskot Fagskolen i Hordaland	
IB Underskot BTF	-341 026
Resultat 2016 BTF	-2 870 382
Fordeling av underskot	-1 028 540
<b>Totalt underskot pr 1.1.2017</b>	<b>-4 239 948</b>

Årsaka til overforbruk ved Bergen tekniske fagskole i 2016 er knytt til flyttekostnader, forbetringar i nytt bygg og auka kostnader til straum og varme. Flyttinga frå Strandgaten 196 til Haugeveien 28 har skulen dekt sjølv. I høve til forbetringar i nytt bygg sette Eigedomsavdelinga av 10 mill., men dette dekte ikkje alle behov i det nye bygget. Til dømes var det behov for meir maling og tiltak for demping av akustikk i fleire av klasseromma. Midlane frå Eigedomsavdelinga vart hovudsakleg nytta til ventilasjon, elektrisk arbeid, mindre romjusteringar og noko maling. Fagskolen i Hordaland ønskjer å dekkje inn underforbruket i løpet av 2017 og 2018.

## Hordaland helsefagskole

Hordaland helsefagskole har samdrift med Fusa vgs. Skulen totalt sett gjekk med om lag 1,1 mill. i mindreforbruk i 2016 medan rekneskapet for helsefagskulen hadde eit meirforbruk på 1,2 mill.

 HORDALAND FYLKESKOMMUNE						Dato: 03/03-2017 kl:12.46/ side: 1
<b>DRIFT pr. Periode 13 2016</b>						Revidert budsjett
<b>Ansv.sted: 644554 Fagskole</b>		<b>Leder:</b>				R1/(1000 kr.)
Sum	REGNSKAP HITTIL	BUDSJETT HITTIL	UBRUKT BUDSJETT	ÅRS- BUDSJETT	REST- BUDSJETT	
1 <u>Kostnader:</u>	4,680	3,018	-1,663	3,018	-1,663	
2 <u>Inntekter:</u>	-486		486		486	
<b>NTO DRIFT</b>	<b>4,194</b>	<b>3,018</b>	<b>-1,176</b>	<b>3,018</b>	<b>-1,176</b>	
<b>NETTO Fagskole</b>	<b>4,194</b>	<b>3,018</b>	<b>-1,176</b>	<b>3,018</b>	<b>-1,176</b>	

Årsaka til meirforbruk ved Hordaland helsefagskole er knytt til låge studenttal ved to tilbod i 2016. Det eine tilbodet vart fullført våren 2016, medan det andre tilbodet vert fullført våren 2017. Hausten 2016 gjorde fagskulestyret fleire grep for å oppnå betre balanse ved helsefagskulen. Det vart gjeve ei styrking på 2 mill. i skuleåret 2016/17, og det vart berre starta opp 2 nye tilbod hausten 2016 som hadde høge nok søkjartal. Styrkinga var som nemnt for skuleåret 2016/17 og vert såleis fordelt over to budsjettår. Det vil sei at Hordaland helsefagskole fekk om lag 800 000,- for haustverknaden i 2016, og at dei resterande 1,2 mill. vert gjeve i budsjettåret 2017. Hordaland helsefagskole forventar ei betring i økonomien i 2017 med bakgrunn i større klassar og styrking av budsjettet.

## Kurs- og oppdragsverksemd

Etter samanslåinga av Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole vert det enklare å ta ut resultat for kurs- og oppdragsverksemd for fagskulen av di fagskulen og vgs no er heilt skilt i frå kvarandre. Hordaland helsefagskole har ikkje hatt kurs- og oppdragsverksemd i 2016. Bergen tekniske fagskole har berre drifta forkurs til ingeniør i 2016. Bergen maritime fagskole har gjennomført maritime kurs i 2016 og ingen petroleumstekniske kurs. At det ikkje har vert sett i gang petroleumstekniske kurs har gjort at økonomien har vorte dårlegare ved Bergen maritime.

## Investeringar og innkjøp

I 2016 fekk Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole 5 mill. til investeringar, og desse midlane er disponert i samband med styret sitt vedtak om innkjøp av utstyr til laboratoria og ekstraputstyr til bruksimulator på Austevoll. Fagskulane følgjer reglar for offentlege anskaffingar, og i 2016 måtte ein ut på anbod med investeringar frå kr. 500 000. I 2017 er denne grensa heva til 1,1 mill. For innkjøp som er under grensa for å måtte laga til anbod vert innkjøpsavtalane i Hordaland fylkeskommune nytta.



Arkivnr: 2015/11453-75  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	14/17	23.03.2017

## Endring i kvalitetssystemet for Fagskolane i Hordaland

### Samandrag

Med bakgrunn i samanslåinga av Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole er det naudsynt å oppdatere kvalitetssikringssystemet i tråd med ny organisering. I samband med revisjon ved Bergen tekniske fagskole vart det også gjeve tilbakemeldingar på kvalitetssystemet i høve til skulen si oppfølging av kvaliteten, og endringane som no vert føreslått i kvalitetssystemet ivaretek også dette. Kvalitetssystemet er også oppdatert i høve til dei omgrep som vert nytta i dag som til dømes studieplan i staden for fagplan.

### Forslag til vedtak

Styret for Fagskolane i Hordaland vedtek endringar i kvalitetssystemet slik det kjem fram av saka med vedlegg.

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Kvalitetssystemet for Fagskolane i Hordaland

## Fylkesrådmannen, 02.03.2017

Med bakgrunn i samanslåinga av Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole er det naudsynt å oppdatere kvalitetssikringssystemet i tråd med ny organisering. I samband med revisjon ved Bergen tekniske fagskole vart det også gjeve tilbakemeldingar på kvalitetssystemet i høve til skulen si oppfølging av kvaliteten, og endringane som no vert føreslått i kvalitetssystemet ivaretek også dette.

Endringar som vert føreslått er som følgjer:

Kapittel / stad i dokument	Opphavleg tekst / innhald	Endring / ny tekst
Kapittel 1.1 – Siste setning.	Med forvaltningsreforma vart fagskulane si rolle som aktør innan regional utvikling tydelegare. Utvikling av ny strategiplan for fagskuleutdanning i Hordaland vil vere eit sentralt arbeidsfelt i 2014 og 2015, og vert sett i samanheng med ny fagskulestruktur.	Vert føreslått fjerna.
Kapittel 1.1 – Organisasjonskart	Organisasjonskart for Fagskolane i Hordaland i høve til gamal organisering.	Organisasjonskart er oppdatert i høve til ny organisering.
Kapittel 2 – Andre avsnitt.	Kvalitetssikringssystema ved dei maritime fagskulane er også forankra i krava i STCW-konvensjonen.	Kvalitetssikringssystemet ved Fagskolen i Hordaland er også forankra i krava i STCW-konvensjonen, og vert derfor større og meir omfattande enn kvalitetssystemet som er vedteke av styret.
Kapittel 3.1 – Siste avsnitt.	Dokumentasjonen på praksis og kvalitet må <i>summerast opp og analyserast i ei tilstandsvurdering</i> , t.d. i ein årleg rapport frå fagskulane til styret. Ei slik tilstandsvurdering får likevel ikkje verdi for kvaliteten på ei fagskuleutdanning før den vert følgt opp med eventuelle tiltak knytt til avdekka veikskap og styrke ved utdanninga. Tiltaka vert del av korrigerende planleggings- og styringsverktøy for utdanninga.	Dokumentasjonen på praksis og kvalitet må <i>summerast opp og analyserast i ei kvalitetsmelding</i> , t.d. i ein årleg rapport frå fagskulane til styret. Ei slik kvalitetsmelding får likevel ikkje verdi for kvaliteten på ei fagskuleutdanning før den vert følgt opp med eventuelle tiltak knytt til avdekka veikskap og styrke ved utdanninga. Tiltaka vert del av korrigerende planleggings- og styringsverktøy for utdanninga.
Kapittel 3.2 – Første avsnitt.	Kvalitetssikringssystemet ved Fagskolane i Hordaland må organiserast på ein måte som er tilpassa skuleåret sin rytme og aktivitetar. Rapportering til styret/sekretariat, samt sekretariatet/skuleeigar si oppfølging av fagskulane må også passast inn i skuleåret på ein god måte. Det er likevel viktig å plassere ansvar og tidsfristar for å gi arbeidet klare rammer. Fagskulane må sjølv syte for ein meir konkret plan for kvalitetssikringsarbeidet (årshjul og ansvarsfordeling)	Kvalitetssikringssystemet ved Fagskolane i Hordaland må organiserast på ein måte som er tilpassa skuleåret sin rytme og aktivitetar. Rapportering til styret, samt oppfølging av fagskulane må også passast inn i skuleåret på ein god måte. Det er likevel viktig å plassere ansvar og tidsfristar for å gi arbeidet klare rammer. Fagskulane må sjølv syte for ein meir konkret plan for kvalitetssikringsarbeidet (årshjul og ansvarsfordeling).

Kapittel 3.2 – Årshjul*	Sjå opphavleg årshjul under.*	Sjå endringar i årshjul under. Endringane er hovudsakleg gjort i høve til omgrep, kva fagskulane skal levere til styret og kven som er ansvarleg.**
Kapittel 3.2 – Tabell med oversikt over organisering av kvalitetsarbeidet – andre kolonne.	Kontroll og kvalitetsutvikling av Fagskolane i Hordaland. Drifte/utvikle verktøya for innhenting av informasjon (spørjeskjema etc.) Årleg kvalitetsmelding til styret. Oppfølging av fagskulane med utgangspunkt i resultatata frå den årlege rapporten deira.	På vegner av styret følge opp kvalitetsutvikling av Fagskolane i Hordaland. Drifte/utvikle verktøya for innhenting av informasjon (spørjeskjema etc.) Førebu sak med årleg kvalitetsmelding til styret. Oppfølging av fagskulane med utgangspunkt i resultatata frå den årlege kvalitetsmeldinga deira.
Kapittel 3.2 – Tabell med oversikt over organisering av kvalitetsarbeidet – tredje kolonne.	Har ansvar for det daglege kvalitetsarbeidet ved fagskulen og for å informere tilsette og studentar om kvalitetssikringssystemet. Organisere innsamling, rapportering og analyse av informasjon om kvaliteten ved utdanningstilboda ved fagskulen. Skal systematisk henta inn tilbakemeldingar frå aktuelle bransjer/eksterne. Følgje opp resultat av evalueringar og legge fram forslag til forbetringstiltak.	Har ansvar for det daglege kvalitetsarbeidet ved fagskulen og evt. meir omfattande system ved eigen fagskule, og ansvar for å informere tilsette og studentar om kvalitetssikringssystemet. Organisere innsamling, rapportering og analyse av informasjon om kvaliteten ved utdanningstilboda ved fagskulen. Skal systematisk henta inn tilbakemeldingar frå aktuelle bransjar/eksterne. Følgje opp resultat og analyse av evalueringar i ei kvalitetsmelding til styret. Legge fram forslag til forbetringstiltak og mål for neste skuleår i ein tiltaksplan.
Kapittel 4.1 – Tredje avsnitt, første setning.	Informasjonen skal oppsummerast og analyserast i fagskulen sin årsrapport.	Informasjonen skal oppsummerast og analyserast i fagskulen si kvalitetsmelding.
Kapittel 4.2 – Første avsnitt, nest siste setning.	Den einkilde fagskule har ikkje høve til å ta bort spørsmål i skjema, men har høve til å tilpasse einkilde omgrep (t.d. studieplan, namn, nummer på emnet), slik at det passar den aktuelle utdanninga/ fordjupinga.	Den einkilde fagskule har ikkje høve til å ta bort spørsmål i skjema med mindre spørsmålet ikkje er aktuelt for utdanning (t.d. spørsmål om hovudprosjekt ved maritime utdanningar). Fagskulen har høve til å tilpasse einkilde omgrep (t.d. studieplan, namn, nummer på emnet), slik at det passar den aktuelle utdanninga/ fordjupinga.
Kapittel 4.2 – Andre avsnitt.	Studentvurderinga skal oppsummerast og analyserast i fagskulen sin årsrapport, og nyttast aktivt i kvalitetsarbeidet ved fagskulen.	Studentvurderinga skal oppsummerast og analyserast i fagskulen si kvalitetsmelding, og nyttast aktivt i kvalitetsarbeidet ved fagskulen. ----- <b>Merknad:</b> Endring av årsrapport til kvalitetsmelding er gjort fleire stader i dokumentet, men vert ikkje vist i fortsettinga.

Kapittel 4.3 – Andre avsnitt.	Den einsskilde fagskule har ikkje høve til å ta bort spørsmål i skjema, men har høve til å tilpasse einsskilde omgrep slik at det passar den aktuelle utdanninga/ fordjupinga. Sjølve innhaldet, spørsmåla og svaralternativa skal ikkje endrast. Fagskulane har også høve til å leggje til nye spørsmål i spørjeskjemaet.	Den einsskilde fagskule har ikkje høve til å ta bort spørsmål i skjema med mindre spørsmålet ikkje er aktuelt for utdanning (t.d. spørsmål om hovudprosjekt ved maritime utdanningar eller praksis i tekniske og maritime utdanningar). Skulen har høve til å tilpasse einsskilde omgrep slik at det passar den aktuelle utdanninga/ fordjupinga. Sjølve innhaldet, spørsmåla og svaralternativa skal ikkje endrast. Fagskulane har også høve til å leggje til nye spørsmål i spørjeskjemaet.
Kapittel 4.4 – To siste setningane.	Ved dei maritime fagskulane skal det leggjast ved eit referat frå eksamenssamarbeidet som er oppretta blant dei maritime fagskulane i landet. Dette vil erstatte bruken av spørjeskjema for sensorar ved dei maritime utdanningane.	For dei maritime utdanningane skal det leggjast ved eit referat frå eksamenssamarbeidet som er oppretta blant dei maritime fagskulane i landet. Dette vil erstatte bruken av spørjeskjema for sensorar ved dei maritime utdanningane.
Kapittel 4.6 – Tredje avsnitt.	Sekretariatet for Hordaland fagskulestyre analyserer og samanfattar rapportane frå alle fagskulane i ein kvalitetsrapport til styret.	Vert føreslått fjerna.
Kapittel 4.7 – Andre avsnitt, siste setning.	Det vil vere eit internt arbeidsdokument og skal soleis ikkje gjerast offentleg.	Vert føreslått fjerna etter tilråding frå NOKUT.
Kapittel 4.7 – Tredje avsnitt.	Skulebesøka dannar grunnlag for ei kvalitetsmelding til styret med eventuelle framlegg og vedtak om tiltak for å betre kvaliteten på utdanningstilboda ved Fagskolane i Hordaland. Tiltaka kan gjelde alle fagskulane eller ein einssild fagskule og utdanningstilbod. Kvalitetsmeldinga til styret skal også omtale dei overordna og lokale måla som er sett av styret for inneverande år. Desse måla er utarbeidd med bakgrunn i aktuell kvantitativ informasjon for Fagskolane i Hordaland som heilskap eller for den einsskilde fagskule. Måla vert årleg justert/endra eller vidareført i samband med kvalitetsmeldinga som vert lagt fram for styret med bakgrunn i funn i årsmeldingane og ved skulebesøka.	Skulebesøka skal danne grunnlag for ein tiltaksplan til styret for å betre kvaliteten på utdanningstilboda ved Fagskolane i Hordaland. Tiltaksplanen til styret skal også omtale dei overordna og lokale måla som er sett av styret for inneverande år. Desse måla er utarbeidd med bakgrunn i aktuell kvantitativ informasjon for Fagskolane i Hordaland som heilskap eller for den einsskilde fagskule. Måla vert årleg justert/endra eller vidareført i samband med tiltaksplanen som vert lagt fram for styret med bakgrunn i funn i kvalitetsmeldinga og ved skulebesøka.
Kapittel 5 – Første avsnitt, frå andre setning.	Av di fagskulane har ulik størrelse er det naudsynt å finne balansen mellom overordna retningsliner og detaljerte prosessbeskrivingar.	Av di fagskulane har ulik størrelse og ulike krav, er det naudsynt å finne balansen mellom overordna retningsliner og detaljerte prosessbeskrivingar. Ved Fagskolen i Hordaland skal dette systemet kombinerast med

		kvalitetssystemet som ivaretek krava i STCW-konvensjonen.
Kapittel 5 – Siste avsnitt.	<b>Spørjeskjema:</b> Det er ikkje høve til å ta vekk spørsmål eller endre på svaralternativa.	<b>Spørjeskjema:</b> Det er ikkje høve til å ta vekk spørsmål eller endre på svaralternativa med mindre spørsmålet ikkje er aktuelt for utdanninga.

\*Opphavelig årshjul for kvalitetssikringsarbeidet ved Fagskolane i Hordaland

Månad	Aktivitetar i kvalitetssikringsarbeidet	Ansvarleg
Januar		
Februar		
Mars		
April	Spørjeskjema – Studentane	Rektor/KS-ansvarleg
Mai	Spørjeskjema/møte – Undervisningspersonale	Rektor/KS-ansvarleg
Juni	Spørjeskjema – Sensorane	Rektor/KS-ansvarleg
Juli		
August	Årsrapport frå fagskulane	Rektor/KS-ansvarleg
September	Årsrapport frå fagskulane til styret	Sekretariat
Oktober	Oppfølging av tilstandsvurderinga/kvalitetsmeldinga (skulebesøk)	Sekretariat/skuleeigar/fagskulane
November	Kontaktmøte m/eksterne interessentar – kvart år	Rektor/KS-ansvarleg
November	Endeleg kvalitetsmelding, framlegg til tiltak – handsaming i styret	Sekretariat/styret

\*\*Nytt årshjul for kvalitetsarbeidet ved Fagskolane i Hordaland

Månad	Aktivitetar i kvalitetssikringsarbeidet	Ansvarleg
Januar		
Februar		
Mars		
April	Spørjeskjema – Studentane.	Rektor/KS-ansvarleg
Mai	Spørjeskjema/møte – Undervisningspersonale.	Rektor/KS-ansvarleg
Juni	Spørjeskjema – Sensorane.	Rektor/KS-ansvarleg
Juli		
August	Kvalitetsmelding frå fagskulane.	Rektor/KS-ansvarleg
September	Kvalitetsmelding frå fagskulane vert lagt fram for styret.	Sekretariat
Oktober	Oppfølging av kvalitetsmeldinga (skulebesøk).	Styret/Sekretariat/skuleeigar/fagskulane
November	Kontaktmøte m/eksterne interessentar – kvart år.	Rektor/KS-ansvarleg
November	Tiltaksplan for oppfølging av kvalitet og mål for neste skuleår.	Rektor/KS-ansvarleg
November	Tiltaksplan med mål vert lagt fram for styret.	Sekretariat

I tillegg til endringane som er lista opp over er kvalitetssystemet oppdatert i høve til dei omgrep som vert nytta i dag og dagens organisering av Fagskolane i Hordaland. Oppdatert kvalitetssystem ligg som vedlegg til saka.



# Kvalitetssikringssystem

## Fagskolane i Hordaland

### 1. Innleiing

Fagskulelova med forskrift stiller krav om at tilbydarar med godkjente fagskuletilbod skal ha tilfredsstillande interne system for kvalitetssikring som sikrar at utdanningstilbodet held kvalitet og yrkesrelevans, samt dokumenterer kvalitetssikringsarbeidet og avdekkar eventuell svikt i kvaliteten.

Hordaland fagskulestyre er ansvarleg tilbydar av 27 NOKUT-godkjente fagskuleutdanningar ved Fagskolane i Hordaland. Styret har m.a. ansvar for å sikre at utdanningstilboda held tilfredsstillande kvalitet og yrkesrelevans. Det er difor utvikla eit felles kvalitetssikringssystem for Fagskolane i Hordaland. Systemet imøtekjem krava i Forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskuleutdanning (fagskuletilsynsforskrifta) kapittel 5.

I dette dokumentet vert det gitt ei overordna framstilling av kvalitetssikringssystemet med årshjul for ulike aktivitetar. Vidare vert det gjort greie for metodar og verktøy for innsamling, rapportering og analyse av informasjon om kvaliteten ved utdanningstilboda.

### 1.1 Om Fagskolane i Hordaland


Fagskolane i Hordaland omfattar 27 fagskuleutdanningar knytt til 2 fagskular som er eigd av Hordaland fylkeskommune. I 2016 hadde Fagskolane i Hordaland om lag 1100 studentar.

Hordaland har lange tradisjonar og eit breitt tilbod av fagskuleutdanningar innan tekniske og maritime fag. Fagskolane i Hordaland har dei siste åra auka både i talet på utdanningar og talet på studentar. Hausten 2008 vart det også starta opp fagskuleutdanningar innan helse- og sosialfag, og i dag er det til saman 8 godkjente fagskuleutdanningar innan fagretninga.

Fagskolane i Hordaland har eitt felles styre og Hordaland fylkeskommune v/Opplæringsavdelinga er sekretariat for fagskulestyret. Styret for Fagskolane i Hordaland har sju faste medlemmer med like rettar; fem eigarrepresentantar, éin representant for studentane og éin representant for tilsette. Styret har 5 møter i året.

I mars 2013 vedtok Fylkestinget ein skulebruksplan som la grunnlaget for ein ny fagskulestruktur. Den nye strukturen er ein sentralisert fagskulestruktur med desentraliserte tilbod i distrikta. Målet med den nye strukturen er å gjere det mogleg å oppretthalde tilbod i distrikta med studiestader under hovudeiningane. Soleis vert det mogleg å ha ein fleksibel fagskulestruktur som skal ta omsyn til lokale, regionale og nasjonale kompetansebehov.

*Figur: Organisasjonskart for Fagskolane i Hordaland*



## 2. Krav til tilfredsstillende system for kvalitetssikring

Kvalitetssikringssystemet ved Fagskulane i Hordaland er forankra i følgjande dokument:

- Lov om fagskuleutdanning (Fagskulelova)
- Forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskuleutdanning (fagskuletilsynsforskrifta)
- Veiledning til tilbydere av fagskuleutdanning (NOKUT)

Kvalitetssikringssystemet ved Fagskolen i Hordaland er også forankra i krava i STCW-konvensjonen, og vert derfor større og meir omfattande enn kvalitetssystemet som er vedteke av styret.

Arbeidet med å sikre kvaliteten og yrkesrelevansen i fagskuleutdanningane er ei viktig oppgåve for alle aktørar knytt til Fagskolane i Hordaland og må soleis vere forankra i heile organisasjonen. Felles kvalitetssikringssystem for Fagskolane i Hordaland følgjer Nokut sine kriteria, og representerer soleis eit minstekrav med omsyn til innhenting, rapportering og analyse av informasjon om kvaliteten ved utdanningstilboda. Variasjonen i skulane sin storleik gjer det føremålstenleg å gi den einkilde fagskule rom til å etablere kvalitetssikringssystem tilpassa deira storleik.

## 3. Mål, ansvar og aktivitetar

Arbeidet med kvalitetssikring må ta utgangspunkt i fagskulen si kjerneverksemd; **å gi studentane ei kvalitativ god og yrkesrelevant utdanning**. For å oppnå dette må arbeidet med kvalitetssikring vere forankra i heile organisasjonen frå styret og sekretariatet til rektor, undervisningspersonale og studentar. Sjølve kvalitetssikringssystemet skal vere så enkelt og praktisk som mogleg. Felles verktøy for innsamling av informasjon om kvaliteten ved utdanningane skal vere lett tilgjengelege for fagskulane.

### 3.1 Kvalitetssikring som ein syklus

Føremålet med kvalitetssikringssystemet er å måle kvaliteten på fagskuleutdanningane, avdekke eventuell veikskap og sikre at naudsynte betringar vert gjennomført. Det er altså tale om eit system for vurdering samt oppfølging av resultatane av vurderingane. Systemet skal måle kvaliteten med jamne mellomrom, t.d. ein gong i året, og er dermed syklisk. Systemet er også ein reiskap for kontinuerlig betring/utvikling av kvaliteten på utdanningstilboda og kan soleis omtalast som både kvalitetssyklus og ein kvalitetsspiral.

Figur: kvalitetssikring som ein syklus



*Planleggings- og styringsverktøy* definerer m.a. innhald og framdrift i fagskuleutdanningane. Dei mest sentrale dokument er her a) **Studieplan** (plan for utdanninga sitt faglege innhald) og b) **Plan for gjennomføringa av utdanninga** (tid/stad). Andre dokument som kan ha betyding for fagskuleutdanning er nasjonale og regionale strategiplanar samt utviklingsplanar for den einsskule skule.

Når aktivitetar frå planleggings- og styringsverktøya har vore utført i ein periode, t.d. eitt år, vil det vere føremålstenleg å *dokumentere* den *praksis* som har vore utført og *kvaliteten* på den. Dette vert mellom anna målt ved hjelp av nøkkeldata frå skulane sitt skuleadministrative system, Nasjonalt opptakskontor og Database for høgre utdanning (DBH), i tillegg til brukarundersøking/ evalueringsskjema frå studentar, undervisningspersonale, sensorar og eksterne interessentar. Døme på andre aktuelle data er dokument og referat frå skulane sine valde organ (studentråd) eller andre formelle/uformelle organ på fagskulen.

Dokumentasjonen på praksis og kvalitet må *summerast opp og analyserast i ei kvalitetsmelding*, t.d. i ein årleg rapport frå fagskulane til styret. Ei slik kvalitetsmelding får likevel ikkje verdi for kvaliteten på ei fagskuleutdanning før den vert følgt opp med eventuelle tiltak knytt til avdekka veikskap og styrke ved utdanninga. Tiltaka vert del av korrigerende planleggings- og styringsverktøy for utdanninga.

### 3.2 Aktivitetar i kvalitetssikringsarbeidet

Kvalitetssikringssystemet ved Fagskolane i Hordaland må organiserast på ein måte som er tilpassa skuleåret sin rytme og aktivitetar. Rapportering til styret, samt oppfølging av fagskulane må også passast inn i skuleåret på ein god måte. Det er likevel viktig å plassere ansvar og tidsfristar for å gi arbeidet klare rammer. Fagskulane må sjølv syte for ein meir konkret plan for kvalitetssikringsarbeidet (årshjul og ansvarsfordeling).

**Årshjul for kvalitetssikringsarbeidet ved Fagskolane i Hordaland**

Månad	Aktivitetar i kvalitetssikringsarbeidet	Ansvarleg
Januar		
Februar		
Mars		
April	Spørjeskjema – Studentane.	Rektor/KS-ansvarleg
Mai	Spørjeskjema/møte – Undervisningspersonale.	Rektor/KS-ansvarleg
Juni	Spørjeskjema – Sensorane.	Rektor/KS-ansvarleg
Juli		
August	Kvalitetsmelding frå fagskulane.	Rektor/KS-ansvarleg
September	Kvalitetsmelding frå fagskulane vert lagt fram for styret.	Sekretariat
Oktober	Oppfølging av kvalitetsmeldinga (skulebesøk).	Styret/Sekretariat/skuleeigar/fagskulane
November	Kontaktmøte m/eksterne interessentar – kvart år.	Rektor/KS-ansvarleg
November	Tiltaksplan for oppfølging av kvalitet og mål for neste skuleår.	Rektor/KS-ansvarleg
November	Tiltaksplan med mål vert lagt fram for styret.	Sekretariat

**Organisering av kvalitetsarbeidet**

Ansvarleg	Ansvarsområde
Styret	Har det overordna ansvaret for kvalitet og yrkesrelevans i fagskuleutdanningane. Skal, på bakgrunn av årleg kvalitetsmelding, gi fagskulane klare styringssignal/vedtak om tiltak.
Sekretariatet/skuleeigar	På vegner av styret følge opp kvalitetsutvikling av Fagskolane i Hordaland. Drifte/utvikle verktøya for innhenting av informasjon (spørjeskjema etc.) Forberede sak med årleg kvalitetsmelding til styret. Oppfølging av fagskulane med utgangspunkt i resultatata frå den årlege kvalitetsmeldinga deira.
Rektor/leiinga	Har ansvar for det daglege kvalitetsarbeidet ved fagskulen og evt. meir omfattande system ved eigen fagskule, og ansvar for å informere tilsette og studentar om kvalitetssikringssystemet. Organisere innsamling, rapportering og analyse av informasjon om kvaliteten ved utdanningstilboda ved fagskulen. Skal systematisk henta inn tilbakemeldingar frå aktuelle bransjer/eksterne. Følgje opp resultat og analyse av evalueringar i ei kvalitetsmelding til styret. Legge fram forslag til forbetringstiltak og mål for neste skuleår i ein tiltaksplan.
Undervisningspersonalet	Har det daglege ansvaret for å følgje opp kvalitetssikringssystemet for Fagskolane i Hordaland og evt. meir omfattande system ved eigen fagskule og sørge for kvalitet i eige arbeid. Skal gi ei skriftleg framstilling av eiga vurdering av utdanninga (spørjeskjema).
Sensor	Skal gi ei skriftleg vurdering av utdanninga (spørjeskjema)
Studentane	Skal årleg gi sin vurdering av utdanningstilbodet (spørjeskjema). Skal bidra til betring av kvaliteten ved å nytte tilgjengelege arenaer for dialog med skuleleiing og medstudentar (t.d. studentråd).
Bransjen/eksterne	Skal delta på periodiske dialogmøte med fagskulane.

## 4. Overordna føringar for kvalitetssikringsystema ved Fagskolane i Hordaland

### 4.1 Kvantitativ informasjon om utdanningstilbodet

I samband med årleg evaluering av utdanningstilboda (april-juni) ved kvar fagskule skal fagskulane hente ut kvantitativ informasjon om utdanningstilbodet frå m.a. det skuleadministrative systemet, DBH og Nasjonalt opptakskontor for fagskolen.

Den kvantitative informasjonen som vert samla og analysert skal belyse kvaliteten på utdanningstilbodet, og kan omtalast som kvalitetsindikatorar. Av di kvalitetssikringsystemet for Fagskolane i Hordaland omfattar ulike fagskular og utdanningar vil det vere føremålstenleg å velje ut nokre få felles indikatorar som alle skal omtale. Av same grunn vil det vere føremålstenleg at kvar fagskule definerer kva som er **kritisk verdi for indikatorane i kvart utdanningstilbod**, og som dermed bør utløyse korrigerande tiltak.

Informasjonen skal oppsummerast og analyserast i fagskulen sin kvalitetsmelding. Kvantitativ informasjon knytt til innsatsfaktorar som t.d. undervisning (lærarressurs, undervisnings- og rettleiingstimar per student) og infrastruktur (tilgang på PC, breiband og skrivar) kan nyttast for belyse årsaker til oppnådde verdiar på kvalitetsindikatorane. Innsatsfaktorane kan soleis vere del av korrigerande tiltak dersom det er naudsynt, jf. definerte kritiske verdiar.

#### 4.1.1 Tal og nivå på søkjarar ved opptak

Opptak av studentar til Fagskolane i Hordaland skjer gjennom Nasjonalt opptakskontor for fagskolen. Dette gir felles kvalifikasjonskrav og reglar for poengberekning for søkjarar i heile landet. Opptak av studentar skjer berre på grunnlag av poengberekning og rangering (realkompetanse vert rekna om til poeng). Dette gir høve til å sjå både tal og poengnivå på søkjarar ved opptak til kvar fagskuleutdanning.

Talet på søkjarar til ei fagskuleutdanning kan vere ein indikator på at utdanninga har eit godt omdøme (yrkesrelevant og kvalitativt god). Dersom ei fagskuleutdanning har mange søkjarar kan dette vere med å gjere opptakskrava (poengnivåa) høge.

Den einskilde fagskule må soleis definere kritiske verdiar med omsyn til kor mange søkjarar dei har som mål å ha til kvar utdanning og kva poengnivå dei som vert tatt opp bør ha.

#### 4.1.2 Eksamensresultat og gjennomstrømming

*Eksamensresultat* vert registrert i det skuleadministrative systemet og vil seie noko om studentane sitt nivå og måloppnåing knytt til kvart emne. Det skal takast ut eksamensresultat for alle emna i kvar utdanning. Høgt nivå på eksamensresultata kan tyde på høg måloppnåing, dvs. at studentane har tileigna seg den kompetansen emnet tek sikte på å gi dei. Lågt nivå på eksamensresultata kan tyde på det motsette.

*Gjennomstrømming* knytt til fullføring på normert tid, bestått, stryk eller avbrot. Ved registrering av studentar i det skuleadministrative systemet skal det registrerast om studenten er H=heiltid (100%), D=deltid (50%) eller N=nettstudent (67%, 2 år teken over 3 år). Dette set ramma for kva som er å rekne som normert tid for utdanninga. Dersom alle studentane består og gjennomfører utdanninga på normert tid kan dette tyde på at utdanningstilbodet er kvalitativt godt med gode rammer for undervisning og oppfølging av studenten.

Den einsskille fagskule må definere kritiske verdiar med omsyn til eksamensresultat og gjennomstrøming for kvart utdanningstilbod.

## 4.2 Studentane si vurdering av utdanningstilbodet

Mot slutten av skuleåret (april) skal fagskulane gi studentane høve til å gi si vurdering av utdanningstilbodet gjennom eit spørjeskjema. Det skal nyttast eit sentralt utvikla skjema med spørsmål knytt til tema som Hordaland fagskulestyre ønskjer vert belyst, og med svaralternativ (1-6), men med eit kommentarfelt til slutt. Den einsskille fagskule har ikkje høve til å ta bort spørsmål i skjema med mindre spørsmålet ikkje er aktuelt for utdanning (t.d. spørsmål om hovudprosjekt ved maritime utdanningar). Fagskulen har høve til å tilpasse einsskille omgrep (t.d. studieplan, namn, nummer på emnet), slik at det passar den aktuelle utdanninga/ fordjupinga. Sjølve innhaldet i spørsmåla og svar-alternativa skal ikkje endrast. Fagskulane har også høve til å leggje til nye spørsmål i spørjeskjemaet.

Studentvurderinga skal oppsummerast og analyserast i fagskulen sin kvalitetsmelding, og nyttast aktivt i kvalitetsarbeidet ved fagskulen.

Spørjeskjema som eit talerør for studentane si vurdering av utdanningstilboda er knytt til kvalitetssikringssystem for Fagskolane i Hordaland, medan fagskulane si plikt til å leggje tilrette for oppretting av studentorgan for å ivareta studentane sine interesser og samarbeid med leiinga er ein del av utdanningane si styringsordning og reglement, jf. Fagskulelova § 4.

## 4.3 Undervisningspersonalet si vurdering av utdanningstilbodet

Undervisningspersonalet skal gi ei eiga skriftleg vurdering av utdanningstilbodet. Det skal nyttast eit sentralt utvikla skjema med spørsmål knytt til tema styret ønskjer vert belyst, og med svaralternativ (1-6) og kommentarfelt. Sentrale tema er styrke og veikskap ved utdanningstilbodet både som studieplan og gjennomført aktivitet (undervisning, rettleiing og praksis).

Den einsskille fagskule har ikkje høve til å ta bort spørsmål i skjema med mindre spørsmålet ikkje er aktuelt for utdanning (t.d. spørsmål om hovudprosjekt ved maritime utdanningar eller praksis i tekniske og maritime utdanningar). Skulen har høve til å tilpasse einsskille omgrep slik at det passar den aktuelle utdanninga/ fordjupinga. Sjølve innhaldet, spørsmåla og svaralternativa skal ikkje endrast. Fagskulane har også høve til å leggje til nye spørsmål i spørjeskjemaet.

Vurderinga skal gjennomførast mot slutten av undervisningsåret og gi undervisningspersonalet høve til å ta stilling til tilhøve (negative/positive) som vert indikert gjennom den kvantitative informasjonen og i studentane si vurdering. Dersom fagskulane ønskjer å nytte andre arenaer for vurdering kjem det som eit supplement til spørjeskjema.

Undervisningspersonale si vurdering skal oppsummerast og analyserast i fagskulen sin kvalitetsmelding og nyttast aktivt i kvalitetsarbeidet ved fagskulen.

## 4.4 Sensorane si vurdering av utdanningstilbodet

Sensorane som vert nytta til å vurdere eksamensoppgåver skal gi sin vurdering av utdanningstilbodet. Det skal nyttast eit sentralt utvikla vurderingsskjema. Skjema har få spørsmål med svaralternativ (1-6) og høve til utdjuping av eiga vurdering ved kvart spørsmål. Spørsmåla er knytt til eksamensoppgåvene si form og relevans og samanhangen mellom studieplan og dei kunnskapane studentane viser i eksamensoppgåvene sine.

Vurderingsskjema vert sendt til sensor saman med eksamensoppgåvene. Skjema skal returnerast til fagskulen saman med dei sensurerte oppgåvene. For dei maritime utdanningane skal det leggjast ved eit referat frå eksamenssamarbeidet som er oppretta blant dei maritime fagskulane i landet. Dette vil erstatte bruken av spørjeskjema for sensorar ved dei maritime utdanningane.

## 4.5 Eksterne interessentar si vurdering av utdanningstilbodet

For å sikre at utdanningstilboda har naudsynt yrkesrelevans og samsvarar med kompetansebehov i aktuelle bransjar skal det gjennomførast periodiske **dialogmøte** mellom fagskulane og representantar frå aktuell bransje, t.d. arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonar, næringsliv, privat og offentleg verksemd og tidlegare fagskulestudentar. Desse møta skal verte gjennomført minimum kvart år.

Det skal utviklast **møterettleiar** som definerer klare tema som skal drøftast på møtet, t.d. deltakarane si vurdering av utdanninga som yrkesrelevant, tilhøva mellom opplæringsplan og gjennomført opplæring, faktisk oppnådd kunnskap etter studiet, og bransjen og studenten sitt behov for kompetanse. Møtet skal oppsummerast skriftleg og vere ein del av datagrunnlaget for skulen sin årsrapport og analyse/vurdering av kvaliteten.

## 4.6 Leiinga si samla analyse og vurdering av kvaliteten

Kvar fagskule har ansvar for å hente inn naudsynt kvantitativ informasjon, gjennomføre studentevaluering og syte for at undervisningspersonalet og sensorar gir ei skriftleg vurdering av utdanningstilboda ved skulen. Informasjonen skal oppsummerast og analyserast i ein **kvalitetsmelding** frå kvar fagskule.

I kvalitetsmeldinga skal leiinga ved kvar fagskule foreta ei overordna vurdering av kvaliteten i utdanningstilbodet. Dersom fagskulen har fleire utdanningstilbod må den samla framstillinga bygge på dokumenta frå det einskilde utdanningstilbodet. I rapporten er det viktig å synleggjere informasjonskjeldene, identifisere moglege kvalitetssvikt/problem, skissere grunnjevne framlegg om tiltak og plassere ansvar for oppfølging. Det er også viktig å synleggjere god kvalitet.

Kvalitetsmeldinga skal vere tilgjengeleg for studentar og tilsette ved fagskulane.

## 4.7 Bruk av kunnskapen til betring av kvaliteten

Arbeidet med kvalitetssikring skal vere eit verktøy for kvalitetsutvikling ved fagskulane. Styret v/sekretariatet skal derfor ha minst eitt møte med kvar fagskule kort tid etter at kvalitetsmeldingane er handsama i styret. På desse skulebesøka vil oppfølging av fagskulen sin kvalitetsmelding stå i fokus. Møtet skal som hovudregel finne stad på fagskulane. Målsetjinga med skulebesøka er:

- å styrke kvaliteten på fagskuleutdanningane i fylket gjennom tett dialog og samarbeid mellom styret og den einskilde fagskule.
- Støtte fagskulane i deira arbeid med kvalitetssikring av fagskuleutdanningane ved fagskulen.
- Gi styret informasjon og kunnskap om kvaliteten på fagskuleutdanningane ved fagskulane.

Styret v/sekretariatet har ansvar for å organisere skulebesøka. Skulebesøka skal vere førebudde og avtalt med omsyn til tidspunkt, kven som skal delta og kva som skal vere innhaldet (tema/område). På skulebesøka ønskjer sekretariatet å treffe leiinga ved skulen samt representantar for studentar og tilsette. Kvart skulebesøk vert oppsummert av sekretariatet og syner kva ein har drøfta, kva resultat ein kom fram til og eventuelt kva betringstiltak ein vart samde om. Oppsummeringa vert sendt til den einskilde fagskule.

Skulebesøka skal danne grunnlag for ei tiltaksplan til styret for å betre kvaliteten på utdanningstilboda ved Fagskolane i Hordaland. Tiltaksplanen til styret skal også omtale dei overordna og lokale måla som er sett av styret for inneverande år. Desse måla er utarbeidd med bakgrunn i aktuell kvantitativ informasjon for Fagskolane i Hordaland som heilskap eller for den einskilde fagskule. Måla vert årleg justert/endra eller vidareført i samband med tiltaksplanen som vert lagt fram for styret med bakgrunn i funn i kvalitetsmeldinga og ved skulebesøka.

## 5. Lokal tilpassing av Kvalitetssikringsystem for Fagskolane i Hordaland

Kvalitetssikringsystem for Fagskolane i Hordaland med vedlegg er å rekne som ei overordna beskriving av kvalitetssikringsarbeidet til hovudaktørane i organisasjonen (styre, sekretariat, skuleleiing etc.). Av di fagskulane har ulik størrelse og ulike krav, er det naudsynt å finne balansen mellom overordna retningslinjer og detaljerte prosessbeskrivingar. Ved Fagskolen i Hordaland skal dette systemet kombinerast med kvalitetssystemet som ivaretek krava i STCW-konvensjonen. Kvalitetssikringsystem for Fagskolane i Hordaland representerer soleis eit minstekrav for kva fagskulane skal gjere. Det daglege ansvaret for kvalitetssikring ligg hjå leiinga og undervisningspersonalet ved den einskilde fagskule, og dei har sjølv ansvar for å etablere eit kvalitetssikringsystem ved skulen basert på den overordna beskrivinga, og som viser korleis systemet vert nytta lokalt, t.d. knytt til studieplanrevisjon og planlegging av nytt undervisningsår. Aktivitetar og ansvar knytt til kvalitetssikringsarbeidet ved skulen skal definerast i eit årshjul.

Høve til lokal tilpassing knytt til informasjonstilfang er omtalt tidlegare, men kan oppsummerast slik:

**Kvalitetsindikatorar:** Den einskilde fagskule må sjølv definere kritiske verdiar for dei omtalte kvalitetsindikatorane, og kan supplerast med fleire dersom dei finn det føremålstenleg.

**Spørjeskjema:** Det er ikkje høve til å ta vekk spørsmål eller endre på svaralternativa med mindre spørsmålet ikkje er aktuelt for utdanninga. I nokre høve kan omgrep endrast, t.d. fagplan, namn på modul etc. Skulen kan leggje til eigne spørsmål om ønskjeleg.

Vedlegg:

"Spørjeskjema - student"

"Spørjeskjema - lærar"

"Spørjeskjema - sensor"



## Spørjeskjema – Student

Innleiingsvis må kvar skule legge inn relevante bakgrunnsspørsmål. Dette gjeld f. eks dersom skulen tilbyr meir enn éi fagskuleutdanning.

### Døme:

Fagskolen i Hordaland:

Kva utdanning går du på?

- |    |                        |
|----|------------------------|
| 1: | Boring                 |
| 2: | Havbunnsinstallasjonar |
| 3: | Dekksoffiser           |
| 4: | Maskinoffiser          |

Kva år går du på?

- |    |       |
|----|-------|
| 1: | 1. år |
| 2: | 2. år |

### Eigeninnsats

Korleis vurderer du som student din eiga innsats i utdanninga?

1= svært dårleg 6= svært god

- 1    2    3    4    5    6

Kor mange timer i veka arbeider du med studie utover ordinær skuletid?

«Rullegardin»:

- 0-2
- 3-6
- 7-10
- 11-15
- 15 eller mer.

### 1. Innhald

Kor godt kjenner du studieplanen for utdanninga?

1=svært dårleg 6= svært godt

- 1    2    3    4    5    6

I kva grad er opplæringa du har fått i samsvar med studieplanen for utdanninga?

1= svært liten grad 6= svært stor grad

1     2     3     4     5     6

## 2. Undervisninga

Kor nøgd eller misnøgd er du med organiseringa og framdrifta i opplæringa?

Emne 1

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1     2     3     4     5     6

Emne 2

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1     2     3     4     5     6

Emne 3

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1     2     3     4     5     6

Emne 4

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1     2     3     4     5     6

Emne 5

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1     2     3     4     5     6

Kor nøgd eller misnøgd er du med det faglege nivået på opplæringa?

Emne 1

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1     2     3     4     5     6

Emne 2

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1     2     3     4     5     6

Emne 3

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1     2     3     4     5     6

Emne 4

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1     2     3     4     5     6

Emne 5

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1     2     3     4     5     6

### 3. Arbeidsmetodar

I kva grad er du nøgd med graden av variasjon i arbeidsmetodar i undervisninga?

Emne 1

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1     2     3     4     5     6

Emne 2

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1     2     3     4     5     6

Emne 3

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1     2     3     4     5     6

Emne 4

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1     2     3     4     5     6

Emne 5

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1     2     3     4     5     6

I kva grad har dei arbeidsmetodane som har blitt nytta, vore dei riktige for at du skal ha eit godt læringsutbytte i modulen?

Emne 1

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1     2     3     4     5     6

Emne 2

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1     2     3     4     5     6

Emne 3

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1     2     3     4     5     6

Emne 4

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1     2     3     4     5     6

Emne 5

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1     2     3     4     5     6

#### 4. Hovudprosjektet/fordjuping

I kva grad har du hatt fagleg utbytte av hovudprosjektet/fordjuping?

1= svært liten grad 6= svært stor grad

1     2     3     4     5     6

Korleis var organiseringa av hovudprosjektet/fordjupinga?

1= svært god 6= svært dårleg

1     2     3     4     5     6

**Bruk hovudprosjekt om det passar, eller fordjuping om det passar.**

#### 5. Utstyr og annan infrastruktur

Kor nøgd eller misnøgd er du med tilrettelegging for bruk av IKT på skulen?

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1     2     3     4     5     6

Kor nøgd eller misnøgd er du med lokalitetane på skulen?

(Døme: klasserom, grupperom, bibliotek, kantine, skulen si plassering mm.)

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1     2     3     4     5     6

Kor nøgd eller misnøgd er du med undervisningsutstyret på skulen?

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1     2     3     4     5     6

#### 6. Samarbeid med næringslivet

Fagskulane skal ha eit nært samarbeid med næringslivet/kommunane for å kunne halda seg oppdatert innan dei ulike fagfelta. I kva grad har du inntrykk av at skulen samarbeider godt med næringslivet/kommunane innan ditt fagfelt?

Døme på samarbeid med næringslivet/kommunane

- Eksterne førelesarar
- Bedriftsbesøk
- Samarbeid om praksis
- Karrieredag
- Hovudprosjekt
- Fordjuping

**(Skulen tar vekk/legger til døme som det passar)**

1= svært liten grad 6= svært stor grad

1     2     3     4     5     6

**7. Det totale læringsmiljøet**

**Læringsmiljø kan definerast som summen av alle dei forholda som kan tenkjast å verke inn på studenten sine moglegheiter til å tileigne seg kunnskap**

Kor nøgd er du med det totale læringsmiljøet?

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1     2     3     4     5     6

I kva grad bidrar du til eit positivt læringsmiljø?

1= svært liten grad 6= svært stor grad

1     2     3     4     5     6

Andre kommentarar til utdanningstilbodet: \_\_\_\_\_

---

---

---

## Spørjeskjema - Lærer

Innleiingsvis må kvar skule leggje inn relevante bakgrunnsspørsmål. Døme:

Fagskolen i Hordaland:

Kva utdanning underviser du på?

- 1: Boring
- 2: Havbunnsinstallasjonar
- 3: Dekksoffiser
- 4: Maskinoffiser

*Dersom skulen har fleire utdanningar skal du vidare i skjemaet svare med utgangspunkt i den utdanninga du sjølv underviser i*

### 1. Korleis vurderer du skulen sin studieplan?

1= svært dårleg 6= svært god

- 1     2     3     4     5     6

Eventuelle styrkar ved studieplanen:

---

---

---

---

Eventuelle svakheiter ved studieplanen:

---

---

---

---

### 2. Korleis vurderer du undervisningstilbodet i denne utdanninga ved skulen siste skuleår?

1= svært dårleg 6= svært godt

- 1     2     3     4     5     6

Eventuelle styrkar ved undervisningstilbodet:

---

---

---

---

Eventuelle svakheiter ved undervisningstilbodet:

---

---

---

---

**3. Korleis vurderer du eigen undervisning og rettleiinga som studentane har fått siste skuleår?**

1= svært dårleg 6= svært god

1     2     3     4     5     6

Eventuelle styrkar ved undervisninga og rettleiinga:

---

---

---

---

Eventuelle svakheiter ved undervisninga og rettleiinga:

---

---

---

---

**4. Praksistilbodet eller praksisretting av utdanningstilbodet**

**Helsefagskule/arborist:** Korleis vurderer du praksistilbodet studentane har fått siste skuleår?

1= svært dårleg 6= svært godt

1     2     3     4     5     6

Eventuelle styrkar ved praksistilbodet:

---

---

---

---

Eventuelle svakheiter ved praksistilbodet:

---

---

---

---

**Teknisk og maritim:** Korleis vurderer du innføring av praksistid for studentar under utdanning?

1= svært dårleg 6= svært godt

1     2     3     4     5     6

Eventuelle styrkar ved innføring av praksistid:

---

---

---

---

Eventuelle svakheiter ved innføring av praksistid:

---

---

---

---

### 5. Samarbeid med næringslivet

I kva grad har du inntrykk av at skulen samarbeider godt med næringslivet/kommunane innan ditt fagfelt?

1= svært liten grad 6= svært stor grad

1     2     3     4     5     6

I kva grad samarbeider du godt med næringslivet/kommunane innan ditt fagfelt?

1= svært liten grad 6= svært stor grad

1     2     3     4     5     6

### 6. Korleis vurderer du di eiga rettleiing under hovudprosjektet?

1= svært dårleg 6= svært god

1     2     3     4     5     6

Eventuelle styrkar ved rettleiinga:

---

---

---

---

Eventuelle svakheiter ved rettleiinga:

---

---

---

---

### 7. Det totale læringsmiljøet

**Læringsmiljø kan definerast som** *summen av alle dei forholda som kan tenkast å verke inn på studenten sine moglegheiter til å tilegne seg kunnskap*

Kor nøgd er du med det totale læringsmiljøet på skolen?

1= svært misnøgd 6= svært nøgd



1     2     3     4     5     6

I kva grad bidrar du til eit positivt læringsmiljø?

1= svært liten grad 6= svært stor grad

1     2     3     4     5     6

Andre kommentarar til det totale læringsmiljøet :

---

---

---

## Spørjeskjema - Sensor

Som ein del av vårt kvalitetssikringsarbeid ber vi deg som sensor om å kommentere nokre tilhøve ved fagskulen. Di vurdering vil vere eit nyttig innspel i arbeidet med å vidareutvikle tilbodet ved skulen.

Utdanning: \_\_\_\_\_  
Emne: \_\_\_\_\_

Har du fått eksamensoppgåva til gjennomsyn og godkjenning før eksamen?

- (1)  Ja  
(2)  Nei

Ev. kommentarar:

---

---

---

---

Korleis vurderer du sjølve eksamensoppgåvene/a (t.d. relevans, omfang og form)?

1= svært dårlege 6= svært gode

- 1     2     3     4     5     6

Ver vennleg å utdjupa di samla vurdering:

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

Kor god samanheng synest du det er mellom den kunnskapen studentane viser i sine eksamenssvar og måla i planen for utdanninga?

1= svært dårleg samsvar 6= svært godt samsvar

1     2     3     4     5     6

Ver vennleg å utdjup vurderinga di:

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---



Arkivnr: 2015/11453-77  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	15/17	23.03.2017

## Løyve til å søkje godkjenning for fleire studiestader - Hordaland helsefagskole

### Samandrag

Etter ein gjennomgang av godkjende tilbod og studiestader ved Fagskolane i Hordaland i samband med rapportering av data til Database for høgre utdanning ser ein at det er fleire tilbod ved Hordaland helsefagskole som ikkje har godkjenning ved fleire studiestader i Hordaland. For å kunne tilby desentraliserte tilbod i regionen ved behov er det naudsynt å søkje NOKUT om godkjenning for nye studiestader ved fleire av helsefagutdanningane.

### Forslag til vedtak

Hordaland helsefagskole vert gjeve løyve til å søkje godkjenning for nye studiestader ved allereie godkjente fagskuleutdanningar som følgjer:

Utdanning	Stad
Psykisk helsearbeid	Fitjar og Kvinnherad
Rehabilitering	Fitjar og Kvinnherad
Kreftomsorg og lindrande pleie	Bergen, Fitjar og Kvinnherad
Spesialreinhald og sterilforsyning i helsetenesta	Fitjar og Kvinnherad
Helse, aldring og aktiv omsorg	Bergen, Fusa, Knarvik, Kvinnherad, Stend, Stord og Voss
Livsstils- og kroniske sykdommer	Fitjar, Kvinnherad, Stord og Voss

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

### Vedlegg

1 Søkna om løyve til å søkje godkjenning for fleire studiestader

**Fylkesrådmannen, 11.03.2017**

Etter ein gjennomgang av godkjende tilbod og studiestader ved Fagskolane i Hordaland i samband med rapportering av data til Database for høgere utdanning ser ein at det er fleire tilbod ved Hordaland helsefagskole som ikkje har godkjenning ved fleire studiestader i Hordaland. For å kunne tilby desentraliserte tilbod i regionen ved behov er det naudsynt å søkje NOKUT om godkjenning for nye studiestader ved fleire av helsefagutdanningane (sjå vedlegg).

Hordaland helsefagskole må senda inn éin søknad per utdanning for dei aktuelle studiestadene, og desse er som følgjer:

<b>Utdanning</b>	<b>Stadiestad</b>
Psykisk helsearbeid	Fitjar og Kvinnherad
Rehabilitering	Fitjar og Kvinnherad
Kreftomsorg og lindrande pleie	Bergen, Fitjar og Kvinnherad
Spesialreinhald og sterilforsyning i helsetenesta	Fitjar og Kvinnherad
Helse, aldring og aktiv omsorg	Bergen, Fusa, Knarvik, Kvinnherad, Stend, Stord og Voss
Livsstils- og kroniske sykdommer	Fitjar, Kvinnherad, Stord og Voss

Ved søknad om nye studiestader er det ikkje faste søknadsfristar hjå NOKUT og søknadene vert soleis handsama fortløypande.

Stadiestadene som Hordaland helsefagskole vil søkje godkjenning for er lokalisert til vidaregåande skular som er eigd av Hordaland fylkeskommune bortsett frå studiestad Bergen som er lokalisert ved Fagskolen i Hordaland på Nordnes. Studiestadene det vert søkt om er også allereie godkjent ved andre fagskuleutdanningar ved Hordaland helsefagskole.

07.03.2017

Fagskulestyret i Hordaland  
Opplæringavdelinga v/ Adeline Landro  
Hordaland Fylkeskommune

## **SØKNAD OM LØYVE TIL Å SØKJA NOKUT-GODKJENNING FOR FLEIRE STUDIESTADER.**

I samband med revisjon hos NOKUT og DBH, ser me trong for å søkja godkjenning for fleire studiestader for dei utdanningstilboda Helsefagsskolen har. Helsefagsskolen har p.t. eit mandat på å kunna vera desentralisert, og då må aktuelle studiestader vera omsøkte og godkjente hos NOKUT.


På den bakgrunnen ber me om løyve til å søkja godkjenning for desse studiestadane

<b>FHH01D</b>	<b>Psykisk helsearbeid</b>	Stuadiestad	Fitjar og Kvinnherad
<b>FHH01D</b>	<b>Rehabilitering</b>	Stuadiestad	Fitjar og Kvinnherad
<b>FHH01D</b>	<b>Kreftomsorg og lindrande pleie</b>	Stuadiestad	Bergen, Fitjar og Kvinnherad
<b>FHH01D/N</b>	<b>Spesialreinhold og sterilforsyning i helsetenesta</b>	Stuadiestad	Fitjar og Kvinnherad
<b>FHH12D</b>	<b>Helse, aldring og aktiv omsorg</b>	Stuadiestad	Bergen, Fusa, Knarvik, Kvinnherad, Stend, Stord, Voss
<b>FHH13D</b>	<b>Livsstils- og kroniske sykdommer</b>	Stuadiestad	Fitjar, Kvinnherad, Stord, Voss

Med von om positiv handsaming, helsing



Tor Johannes Hjertnes  
Rektor



Mette Holmefjord Olsen  
Avdelingsleiar

Vedlagt oversyn over gjeldande godkjenningar.

**PS 16/17 Ymse**